


TURLØYPER I BREKKEHEIA



- Brekke/Rød – Rondehauen – Tjødnå – Vakhyttå – Brekke/Rød.** Følg skogsvegen opp til plantefeltet v/Revahålå. Gå videre på stien som er merka med gult og skilta til Rondehauen. Frå Kvile er det fin utsikt over Åbødalen og Espeland. Frå Rondehauen ser ein det mesta av Sauda. Rondehauen er 480 m.o.h. Her er det benk, bok og kart. Anbefaler ein liten ekstra tur på ca. 15 min. om Tjødnane (bademuligheter) og til Vakhytta med flott utsikt utover fjorden. Videre går stien tilbake til krysset der vegen fra Rød og Brekke møtes. Denne ekstra løypa er merka med rødt. Anbefaler så å følge skogsvegen mot Rød tilbake. Turen tek ca. 2-3 timer.

2. **Brekke/Rød – Rondehauen – Liaseith – Tråskår – Uredn – Djupadalen.** Som tur nr.1 til Rondehauen. Derfrå er løypa merka med blått. Det er lett terreng. De passerer Nåvalødalen, Sjonarhauen og ned til Liaseith og Tråskår. Herfrå går det gul løype heim Uredn til Djupadalen. Turen tek ca. 3-4 timer. Kart ved Brekke/Rød, Rondehauen og parkeringsplass på Tråskår.
3. **Austerheim (Verdens Ende) – Austerheimsdalens – Heidalen – Liaseith – Tråskår – Djupadalen.** Denne løypa er merka med rødt og startar ved Austerheim (Verdens Ende), gjennom grinda og følger den gamle driftavegen til Austerheimsdalens. Når ein kjem til Buermoen kan ein følge stien rundt, eller ta ein spennande snarveg opp Troldalen. Det er litt "kronglete", men kjekt opp der. Langs vegen innover er det rester etter mange stølplasser bl.a. Vetrhus. På Alkestødl står det endå stølshus/hytter. Rett oppforbi er de på Tømrå og då ser de utover Annanutsvatnet. Stien går langs vatnet og inn til Vassbotn som er ved neste vatn, Vatndalsvatnet. Her skal de dreie opp til venstre, til Theastødl. Deretter går de ut Heidals-skaret og ned i Heidalen. Ein liten koseleg dal med bademuligheter. Følg dalføret videre nedover til Liaseith og ned til Tråskår. Turen tek ca. 4-4,5 timer. Kart ved Austerheim, Annanutsvatnet og Tråskår.

Valgmuligheter:

- Frå Austerheimsdalens og heim Heiå – sjå tur 4
- Frå Liaseith til Rondehauen til Brekke/Rød – sjå tur 2
- Austerheimsdalens til Buernuten – sjå tur 7
- Austerheimsdalens til Herheimsdalens – sjå tur 7

4. **Austerheim (Verdens Ende) – Austerheimsdalens – Brekkeheiå – Rondehauen – Brekke/Rød.** Som tur 3 til Tømrå oppforbi Alkestødl. Derfrå går blå løype til Torjerdalen. Finast er det å følge løype 3 til krysset Heidalen/Heiå. Derfrå er det blå løype til Torjerdalen. Vil anbefale turen oppom Varen 768 m.o.h. Her er det bademuligheter, flott utsikt og bok. Turen går videre forbi Statatjødnane og til Torjerdalen. Nå er det to løypevalg; ei gul løype som går til Rød, eller ei rød løype som går om Olahideren. Dette er ein stor hidler med flott utsikt og mange sitjeplassar. Litt lenger nede kjem de inn på løypa Brekke/Tråskår. Her følger de blå løypa ned forbi Nåvalødalen og videre til Rondehauen. Derfrå er det gul løype til Brekke/Rød. Turen tek ca. 4-5 timer. Kart ved Austerheim, Annanutsvatnet, Heidalsbrynedn, Torjerdalen, Rondehauen og Brekke/Rød.
5. **Kleivå – Herheimsliane – Rondehauen – Brekke/Rød.** Dette er ein tur på kryss og tvers i nærområdet. Løypene er merka med gult. Startar ein ved Bergsbøen bør ein ta turen bortom Geithidler. Dette er ein liten avstikkar frå plantefeltet på ca. 100 m. – merka og skilta. Startar ein på Kleiva går turen forbi Skårå til Nybu. Deretter til høgre innover Krakabergfjedle og til Vegaskifte. Ta til venstre til Vårbu, opp Vårbudalen og ut til Gamlaløedn. Her kan ein velga om ein vil gå ned til Brendåsen, Nybu og Kleivå, eller om ein vil videre til Liastødl, Gunnarsliå, Rondehauen og ned skogsvegen til Rød. Ved Smaladåkkå på skogsvegen kan ein ta av til venstre og gå bort til løå på Brendåsen, Nybu og Kleivå. Turen tek 1-4 timer, alt etter løypevalg.
6. **Hetlebrekk (Djupadalen) – Stien – Liaseith – Tråskår – Uredn – Hetlebrekk.** Gul løype. Kjør heilt inn i enden av Djupadalen og til bommen (Hetlebrekk). Følg skogsvegen opp første bakke til Drivbekksleite, følg så gul løype til høgre opp Stibakkadn. Her er det ei ganske bratt brekke i starten, ca. 500 m. Etter dette er det fint og lett terreng innover. Frå hytta på Stien går turen innover Långe Myradn og opp ein liten bakke til Liaseith. Her kjem du inn på løypa Brekke/Tråskår. Følg gul og blå løype videre mot Tråskår. Her kjem de også inn på rød løype som kjem fra Austerheimsdalens. Frå Tråskår går vegen heim Uredn på skogsveg til Hetlebrekk, starten. Turen tek ca. 2-3 timer.
7. **Herheimsdalens – Austerheimsdalens – Buernuten – Austerheimsdalens – Herheimsdalens.** Gul løype. Kjør til Fiveland og videre til Dammen i Herheimsdalens. Ta opp til venstre før sjakta. Det er stigning i starten opp Oslia. Når ein kjem til Bekkjardalen flatar det ut. Turen går videre innover mot Austerheimsdalens, over dammen på Annanutsvatnet og langs halve vatnet. Her dreier stien oppover mot Skittskar. Nå startar stigningane opp mot Buernuten. Videre opp forbi Vierhålå mot Stordalen. Her er det fin utsikt over Heidalen. Nå går turen opp legdene mot Røssbotn som er i framkant av Buernuten. Dersom det er litt kald vind kan det vera lurt og ta pausen her og nyte den flotte utsikta over fjorden og bygda. Nå er det berre siste biten igjen av turen. Varden på Buernuten er på 967 m.o.h. På karta stå det Liaseithnuten. Her er det fin utsikt, bademuligheter og bok. Turen tek ca. 4 timer. Kart på vegg ved sjakt i Herheimsdalens og midt på Annanutsvatnet. Fin tur.

Dette er ei kort beskrivelse av nokre turar. Det er utallige variantar, - sjå på kartet og lag din eigen tur. Fleire plassar langs løpenettet heng det kart som viser kor de er. Det er også sett ut ca. 700 namneskilt i området.

Håper at de får ein fin tur. Helsing Anne Irene og Oddvar.